



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtedato: 29.04.2014
Møtetid: 13.45 - 15.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegard Hope (H)	Eva Hellevang (H)
Gunnar Bruvik (Frp)	Karl B Kollbotn (Frp)

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann, einingsleiar interne tenester

Møteleiar:	Ordførar Marit A Aase
Møtesekretær:	Rådmann

Merknader:

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 06.05.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/14	14/343	Faste saker	
002/14	14/277	Eventuell deltaking i forsøk med røyserett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valgåret ved kommunestyrevalet 2015	
003/14	14/277	Kommunestyre- og fylkestingsval 2015 - tal valkrinsar i Samnanger kommune	

SAKNR. 001/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
-

29.04.2014 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL-001/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

SAKNR. 002/14

EVENTUELL DELTAKING I FORSØK MED RØYSTERETT FOR UNGDOM SOM Fyller 16 eller 17 år i valgåret ved kommunestyrevalet 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

29.04.2014 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Birthe Skar-Moum (Ap) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune går inn for å søkja om å få gjennomføra forsøksordning om stemmerett for personar som fyller 16 og 17 år i valgåret 2015.

5 røysta for framlegget frå Skar-Moum (Skar-Moum (Ap), Gåsdal (Ap), Aadland Olsnes (Bl), Hellevang (H) og Aase (Krf). 2 røysta mot, Røen (Sp) og Kollbotn (Frp).

VAL-002/14 VEDTAK:

Samnanger kommune går inn for å søkja om å få gjennomføra forsøksordning om stemmerett for personar som fyller 16 og 17 år i valgåret 2015.

SAKNR. 003/14

KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVAL 2015 - TAL VALKRINSAR I SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I Samnanger kommune vil det f.o.m. valet i 2015 vera 3 røystekrinsar

- Nordbygda med Vassloppa barnehage som røystelokale

- Gjerde med Samnanger barneskule som røystelokale
- Tysse med Samnanger ungdomsskule som røystelokale.

Før det vert fatta endeleg vedtak skal innbyggjarane få høve til uttala seg. Endeleg vedtak vert fatta i september 2014.

29.04.2014 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) sette fram slikt framlegg:

Det skal framleis vera valkrins i Rolvsvågen.

I Nordbygda skal røystinga skje i Grendahuset

På Gjerde skal Nesodden bedehus vera røystelokale.

Røysting:

2 røysta for at det framleis skal vera valkrins i Rolvsvågen. (Røen og Kollbotn).

Valnemnda var samrøystes i at røystinga i Nordbygda skal vera i Grendahuset, i Nesodden bedehus for Gjerde og på ungdomsskulen på Tysse.

Siste del av rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL-003/14 VEDTAK:

I Samnanger kommune vil det f.o.m. valet i 2015 vera 3 røystekrinsar

- Nordbygda med Grendahuset som røystelokale
- Gjerde med Nesodden bedehus som røystelokale
- Tysse med Samnanger ungdomsskule som røystelokale.

Før det vert fatta endeleg vedtak skal innbyggjarane få høve til uttala seg. Endeleg vedtak vert fatta i september 2014.

